

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 18.02.2019
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik m/fleire frå Helse Vest IKT
SAKA GJELD: **Prosjektinvesteringar i IKT i Helse Vest 2019**

ARKIVSAK: 2019/5527
STYRESAK: **021/19**

STYREMØTE: **06.03.2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest RHF vedtar ei investeringsramme på 400 mill. kroner for regional IKT prosjektportefølje for 2019.

Oppsummering


Helse Vest har i heile perioden frå 2002 og fram til i dag gjennomført betydelege systemanskaffingar med innføring og konsolidering, og etablert felles løysingar som støtte for betre prosessar og auka verdiskaping i verksemdene.

Forslag til budsjett for 2019 frå program og prosjekt er på 415 mill. kroner i investeringsmidlar og 90 mill. kroner i driftsmidlar. I tillegg er det i etterkant signalisert ytterlegare behov innanfor lagring av røntgenbilar på 10 mill. kroner. Budsjetttramme er satt til 400 mill. kroner for investeringsmidlar og 80 mill. kroner til driftsmidlar.

Tidlegare år har vist at tilgjengelege økonomiske rammer ikkje fullt ut har vore utnytta, og det er ei forventning om at ein kjem ned til budsjetttramma i løpet av året. Det er likevel ein risiko for at det kan bli aktuelt å komme tilbake til styret med eit ytterlegare behov for investeringsmidlar, sjølv om det er satt i verk tiltak for å halde budsjetttramme. Helse Vest IKT har derfor signalisert at det er ein risiko for at det kan oppstå et tillegg i finansieringsbehovet på opp mot 25 mill. kroner på investeringar og 10 mill. kroner i driftsmidlar for 2019.

Fakta

Heilt sidan Helse Vest vart etablert i 2002 og fram til i dag har investeringane i IKT-teknologi for effektivisering og forbetring auka jamt og trutt. Figuren nedanfor viser auken i reine investeringar. Direkte kostnader og innsatsen frå egne medarbeidarar kjem i tillegg. Grafen viser tilgjengeleg budsjetttramme, medan dei blå felta viser resultatet/forventa resultat.



I 2018 var investeringane på 399 mill. kroner. I tillegg utgjorde prosjektkostnader 71 mill. kroner. Dette er arbeid som ikkje kan aktiverast som investering, og omfattar arbeid med konkurransegrunnlag, organisasjonsutvikling, opplæring og liknande.

Utover dette er eigeninnsatsen frå helseføretaka i porteføljen berekna til å utgjere i storleik 60 – 70 mill. kroner. Dette betyr at den samla porteføljeaktiviteten i 2018 utgjer om lag 530 mill. kroner. Dei samla behova vil med det investeringsbudsjettet som er skissert for 2019 på om lag 400 mill. kroner og behov for driftsmidlar på om lag 80 mill. kroner, då ligge i overkant av 550 mill. kroner.

Figuren ovanfor illustrerer at dei årlege budsjetttrammene ikkje fullt ut har vore utnytta. I 2016 og 2107 er det brukt om lag 90% av investeringsmidlane. I 2018 er det brukt 99% av investeringsmidlane, og her er det vedtak om å ta ein ekstra del av LIBRA-investeringa i 2018 som gjorde at forbruket vart rett under budsjett.

Det er fleire faktorar som påverkar aktivitetane som blir gjennomført med omsyn til ambisjonsnivå og tid, noko som igjen påverkar økonomi:

1. Manglande interne ressursar til eigeninnsats, både frå fagmiljø og frå Helse Vest IKT, kan gi forseinka start av ny aktivitet og forseinka framdrift i pågåande prosjekt.
2. Forseinkingar frå leverandør – det er fleire prosjekt som er i innføringsfasen, og dialogmøter med programma viser at det er høg risiko for forseinkingar frå leverandør i fleire prosjekt.
3. Samtidighetskonflikt/testkapasitet – det er gjort viktige investeringar i testmiljø og testkapasitet, og samtidighetskonfliktar blir løyst fortløpande, men dette er ikkje godt nok reflektert i prosjekta sine planar og budsjett – noko som gir risiko for forseinkingar.
4. Samtidighetskonflikt/kapasitet innføring i helseføretaka – helseføretaka skal i 2019 ta i mot mange og store leveransar frå ulike prosjekt og program. I den grad det føreligg ei heilskaplig plan per føretak, så er det fortsatt for stor avstand mellom planane det enkelte prosjekt og program har lagt til grunn ved budsjett-tidspunkt og kva som blir realitetane. I tillegg til risiko for forseinkar, kan dette også føre til uro i helseføretaka knytta til prosjektet sine leveransar og utfordringar med gevinstrealisering.
5. Tid til mobilisering av nye prosjekt – erfaringa viser at dei fleste nye prosjekt brukar vesentleg meir tid på mobilisering enn planlagt, mellom anna til prosjekteigarskap, styringsgruppe og allokering av prosjektleiing, verksemdsarkitektar og fagressursar.

Kommentarar

Den regionale prosjektporteføljen er i perioden 2016-2020 er bygd rundt tre store programsatsingar.

HELIKS

HELIKS står for heilheit i kliniske system, og er i det regionale perspektivet ei vidareføring av Felles-EPJ-programmet og innføringa av elektroniske pasientjournalar (DIPS-systemet).

Vidare skal HELIKS også levere på dei nasjonale måla, uttrykt i «Ein innbyggjar – ein journal».

Dei viktigaste prosjekta i HELIKS er:

DIPS Arena:

Dette er neste generasjon av pasientjournalar (gjerne kalla 3. generasjon), kjenneteikna med mykje meir strukturert informasjon, som dermed gir prosesstøtte og beslutningsstøtte på ein heilt annan måte. Den strukturerte informasjonen gir også betre føresetnader for forskning og analysearbeid. Løysinga er planlagt ferdig til pilotering i 2. kvartal 2019, og innføring i føretaka er planlagt med start i første kvartal 2020 med slutføring i 2. kvartal 2021.

KULE-prosjektet, kurve og legemiddelhandtering:

Systemløysing frå Meona som skal gi ei felles elektronisk kurve og løysing for legemiddellogistikk i heile regionen. Papirkurver blir avskaffa. Løysinga var ferdig til pilotering våren 2015, og innføring starta hausten 2016, planlagt slutført ved utgangen av 2020.

FERD radiologiprojekt:

Radiologiprojektet konsoliderer systemløysingane for røntgeninformasjonssystem (RIS) og røntgenbildearkiv (PACS). Her har vi til no hatt ulike systemløysingar i dei fire sjukehusføretaka. Dette blir no samordna både ved ei felles regional løysing for RIS/PACS. Løysinga var klar for innføring i desember 2018, og er planlagt slutført i 4. kvartal 2019, med noko restaktivitet knytt til optimalisering fram til 2. kvartal 2020.

Alle Møter

Alle Møter programmet står for digitalisering av samverknaden mellom pasient/brukar og helsetenesta. Programmet arbeider både på regionalt og nasjonalt nivå. Ulike offentlege sektorar gjennomgår ei digital fornying, og Alle Møter samlar helsetenesta sine initiativ på dette området. Mål og hensikt med programmet er uttrykt i to formuleringar:

- Pasientar og pårørande skal ha rett informasjon som er lett tilgjengeleg.
- Aktivitetane i poliklinikkane er planlagde og effektive.

Dei viktigaste prosjekta i Alle Møter er:

Vestlandspasienten:

Dette er ein eigen pasientportal integrert med helsenorge.no. Nye funksjonsområde blir tilført kontinuerleg ut frå brukarbehov og frå nasjonale føringar. Løysinga blir tatt i bruk etterkvart som delleveransar er utvikla.

Mitt timeval:

Samordning mellom pasienttimar og legekalendar med mål om eigen booking. Utvikling av løysing er midlertidig stoppa opp, og er planlagt starta igjen i løpet av 3. kvartal 2019, og ein vil samtidig legge nye planar for innføring.

Open linje:

Telefonitenestene i føretaka i stort, tilgjengelegheit og struktur. Løysinga er planlagt ferdigstilt i 2. kvartal 2019, innføring startar i 2. kvartal 2019 og er planlagt ferdigstilt i 3. kvartal 2021.

Vel Møtt:

Innsjekk og betaling, innføring av Imatisløysing for ankomst og for betalingsløysingar. Dette er viktig funksjon for alle føretaka også i samband med alle byggjeprojekta som er vedtatt. Pasientflyt og ressursar, innføring Imatisløysing for tavlevisning av aktivitet på sengepost. Finne fram, innføring Systematic si løysing for å finne fram på sjukehus gjennom bruk av kartløysing.

Løysingane er delvis ferdige, og delvis planlagt ferdig i 2. kvartal 2019, og innføring vil starte i 3. kvartal 2019, og skal vere ferdig i løpet av 2020/2021.

LIBRA

LIBRA-programmet (Lager, innkjøp, budsjett, regnskap, avtalar) samlar området økonomi, innkjøp og logistikk. Økonomiområdet var det første som vart samordna etter reforma, i perioden 2002-2004. Systemløysingane som vi brukar i dag er no utgåande og har etter kvart ikkje lenger støtte frå leverandørmarknaden.

Programmet har gjennomført prosjekt for samordning av ulike register og data-administrasjon, samt gjort eit betydeleg prosessarbeid i forkant av anskaffinga.

Ein omfattande kontrakt er inngått i 2017 og innføringsarbeidet held fram for fullt. Dei første systeminnføringane skal vere klar frå april 2019. Delar av løysinga er planlagt sett i drift frå 1. april 2019. Løysinga er planlagt ferdig implementert i alle føretak 01.06.2020.

Til saman inneheld desse tre programma, LIBRA, HELIKS og Alle Møter i storleik eit 20-tals prosjekt samt ein del andre tiltak som blir gjennomført på programnivå.

I tillegg inneheld den regionale porteføljen til ei kvar tid også større og mindre enkeltprosjekt, der det ikkje er formålstenleg å lage ei programoverbygging.

Dei største prosjekta som går føre seg no er:

- Digital Patologi, regionalt og nasjonalt, skal innføre nye arbeidsprosessar og teknologi for patologiområdet med digitalisering og samhandling.
- Unilab innføring i Helse Fonna og Helse Førde, skal innføre felles arbeidsprosessar og systemstøtte i Unilab for patologi.

- Innføring Medusa for MTU og behandlingshjelpemidlar, skal innføre ny løysing for handtering av medisinteknisk utstyr og behandlingshjelpemidlar som erstattar dagens løysingar.
- Celleterapi, skal innføre ny løysing og arbeidsprosessar for celleterapi.
- Astraia obstetrics fosterdiagnostikk, skal innføre ny løysing for fosterdiagnostikk.
- AMK, nasjonal løysing, skal innføre ny nasjonal felles løysing for IKT-støtte til AMK.

Verdiskapinga i prosjektporteføljen

Heilt fram til i dag har sanering av utgåande system og konsolidering av systemløysingane i føretaksgruppa vore eit viktig delmål. Vi ser no slutten på ein konsolideringsperiode.

Samordning av systemløysingane har i seg sjølv gitt store økonomiske innsparingar i perioden. Ei forenkla forvaltning (drift av ei felles løysing kontra fire ulike, pr. føretak) gir både ein betydeleg økonomisk gevinst og reduksjon i personellbruk.

Vidare er det realisert betydelege gevinstar gjennom forbetra prosessar og arbeidsrutinar, understøtta av nye systemløysingar. Arbeidet med planlegging av gevinstar og gevinstpotensiale er ein heilt sentral del i den etablerte porteføljeprosessen.

Sjølv om konsolideringsgevinstantane er betydelege, så ligg dei store gevinstantane i forbetra og meir effektive arbeidsprosessar i alle deler av verksemda. Det blir no gjort endå tydelegare koplingar mellom utviklingsarbeidet i porteføljen og endringsarbeidet i linjeorganisasjonen. Det er etablert eit sett med verktøy, rutinar og rollar for planlegging og dokumentasjon av gevinstar. Dette arbeidet er basert på felles statlege rettleiarar, og kvart program i porteføljen har no eigne gevinstantansvarlege som skal støtte linje-funksjonane i realiseringa av skapt verdi.

Det er ofte krevjande å kunne talfeste gevinstar på planstadiet, men ein ser at med forbetra verktøy og forbetra arbeidsprosessar er føretaka i stand til å handtere ein auka produksjon og oppnå ein auka behandlingsskapasitet utan å gjere tilsvarende auke i medarbeidarstaben. Dette vil bidra til den forventanta produktivitetsveksten som føretaka treng framover.

Prosjektportefølje 2019

Langtidsbudsjettet tek ikkje fullt ut inn over seg den toppen som no kjem i utviklingsbehovet. Dette er eit forhold som det må arbeidast vidare med i samband med årleg rullering av økonomisk langtidsplan dei kommande åra.

For 2019 er investeringsramma satt til 400 mill. kroner, medan ramma for driftsmidlar er på 80 mill. kroner.

Figuren nedanfor viser dei estimerte behova i prosjektportefølje for 2019:

Program/prosjekt	Budsjett 2019	Budsjett 2019
	INVESTERING	DRIFT
Programledelse HELIKS	0	4 252
Innføring av DIPS Arena	3 600	32 761
Digitalt Mediaarkiv (DMA)	268	0
KULE Innføring	41 431	1 070
Felles radiologiløsning	27 557	1 883
Sum program Heliks	72 856	39 966
LIBRA programledelse	3 206	4 811
LIBRA - Systemleveranse	92 586	8 998
LIBRA - Integrasjon	16 180	24
LIBRA - Felles register og datagrunnlag	6 299	20
LIBRA - Teknisk	8 050	4 095
LIBRA - Forvaltning	0	8
LIBRA - Innføring LIBRA 1	3 598	0
Resterende Innføringsprosjekt	5 053	0
Sum program Libra	134 972	17 956
Programledelse Alle Møter	0	4 302
Vestlandspasienten	12 645	3 153
Åpen linje	5 527	1 593
Mitt timevalg	2 480	991
Finne fram	5 189	1 277
Pasientflyt og ressurser	16 685	4 914
Innsjekk og betaling	15 562	1 396
Vel Heim	0	2 182
Avansert oppgaveplanlegging del2	1 763	250
Felles timebok	0	848
Ny helhetlig SMS løsning	0	850
Sum program Alle Møter	59 850	21 757
Adressering	0	401
Labsvar fra foretak til kommunale PLO-løsninger	0	47
Nytt LIMS for nukleærmedisinsk/PET	73	0
Mottak av epikriser	379	0
Bedriftshelsetjeneste journalsystem	129	0
Digital Patologi	10 000	3 000
Unilab Innføring Fonna Førde	1 390	0
Modernisert Folkeregister	2 274	49
FDV for MTU og BHM (Medusa)	4 184	342
Celleterapi	2 414	1 030
Astraia Obstetrics	1 400	300
AMK IKT	0	5 798
Sum prosjekt utenfor program	22 245	10 967
Sum prosjekt og program	289 922	90 646
Infrastruktur	77 177	
Leigeordning	40 000	
Plattformløftet (overgang til Windows 10)	7 823	
Sum infrastruktur og leigeordning	125 000	0
Sum budsjettforslag	414 922	90 646
Sum budsjett 2019	400 000	80 000
avvik frå ramme	-14 922	-10 646

Sum budsjettforslag frå program og prosjekt er noko høgare enn budsjetttramme for 2019 på 400 mill. kroner i investering og 80 mill. kroner til drift. Tidlegare år har vist at tilgjengelege økonomiske rammer ikkje fullt ut har vore utnytta, og det er i 2019 lagt inn ei forventning om at ein vil komme ned til økonomisk ramme i løpet av året. Det er likevel ein risiko for at investeringsnivået for 2019 kan bli høgare enn budsjett, både med bakgrunn i budsjettforslag frå program og prosjekt. Det har i etterkant og blitt signalisert et behov for ytterlegare kapasitet på lagring av bilete til røntgen. Dette utgjør om lag 10 mill. kroner.

Det kan derfor bli aktuelt å komme tilbake til styret med eit ytterlegare behov for investeringar på inntil 25 mill. kroner, og for driftsmidlar på inntil 10 mill. kroner. For å redusere risiko for dette er det satt i verk tiltak ved å vente med igangsetting av ny aktivitet til ein har nødvendig økonomisk handlingsrom.

Forutan dei regionale programma og prosjekta er også den nasjonale prosjektporteføljen aukande. Sjølv om beløpa her er relativt mindre, forventar ein her å bruke meir ressursar framover.

Vurdert opp mot kapasitet og gjennomføringsevne i organisasjonen, ser ein det som utfordrande å kunne gjennomføre aktivitet tilsvarande dei estimata som ligg i porteføljen for 2019. Det er meir realistisk å kunne gjennomføre aktivitet tilsvarande budsjetttramme. Gitt framtidsbiletet, vurderer ein summen av regional og nasjonal porteføljeaktivitet til framleis å vere aukande dei neste fem åra. Ein vil difor halde fram med å betre kapasitet og gjennomføringsevne i organisasjonen. Målet vil vere å ta unna mest mogleg av det som no er i innføring regionalt i løpet av dei to neste åra. Ein vil dermed vere best mogleg rusta for kommande nasjonal koordinering og samordning.

Konklusjon

Det er planlagt med høg prosjektaktivitet også i 2019 for å ferdigstille og realisere verdi av dei mange anskaffingar som er gjennomført, samt for å sikre innføring i verksemdene innan eit forsvarleg tidsrom. Det er ein risiko for at ein må komme tilbake til styret og be om forsterkningar til budsjett for investering og driftsmidlar.

Ein godt gjennomført regional konsolidering med innføring både av nye løysingar, nye prosessar og rutinar – og med tilhøyrande verdiskaping i verksemdene - er ein avgjerande føresetnad før vi kan gå vidare og auke aktiviteten i det nasjonale portefølje-perspektivet.